

Strategi for teknisk fagområde

Strategi for teknisk fagområde bygger på Fagskolen i Hordaland sin overordna strategi for 2018-2023 som har målsettingar innan fem hovudområde:

- Organisasjon og administrasjon
- Undervisning og undervisningsmodellar
- Nye utdanningar
- Nettverk og viktige fora
- Etter- og vidareutdanning

Innan det tekniske fagområdet skal fagskolen vidareutvikle eksisterande utdanningar, og utvikle nye utdanningar av ulik lengde i tråd med endringar og behov i arbeidslivet. Fagskolen i Hordaland skal vere ein aktiv part i kompetansereforma «Lære hele livet» ved å vere framoverlente i utviklinga av fleksible utdanningar og spesialiseringar i tråd med kompetansebehovet lokalt, regionalt og nasjonalt.

Nyskapande og berekraftig

Fagskolen i Hordaland og Vestland fylkeskommune sin visjon, nyskapande og berekraftig, er ein rettesnor i fagskolen sitt strategiarbeid.

Fagskolen har som målsetting å vidareutvikle det tekniske fagområdet med fokus på fagskuleingeniørane sin digitale, praktiske og tekniske sluttkompetanse, og som er i tråd med utviklinga i arbeidslivet; det grønne skiftet og berekraftige produksjonsmetodar.

Fagskolen i Hordaland sine overordna strategimål for 2018-2023

- Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv og høg-kompetent arbeidsplass som er rusta til vidare vekst og utvikling som utdanningsinstitusjon.
- Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv utdanningsinstitusjon for studentar og arbeidsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Fagskolen skal utvikle nye framtidretta utdanningar etter arbeidslivet sitt behov, og på den måten vere ein regional utviklingsaktør.
- Fagskolen skal aktivt delta i nettverk og viktige fora for å vere ein sentral aktør knytt til både fagleg og institusjonell utvikling av sektoren.
- Fagskolen skal vere ein attraktiv leverandør av etter- og vidareutdanning i landet.

Aksjonspunkt

For teknisk fagområde skal fagskolen arbeide mot visjon og målsetting ved å:

- vidareutvikle og styrke fagmiljøet og samspelet med yrkesfeltet gjennom fagråd og auka næringskontakt i fagmiljøet
- vidareutvikle studieplanar i samarbeid med fagråd
- arbeide systematisk med pedagogisk utvikling
- styrke studentmedverknaden
- samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar og kompetansemiljø om kompetanseutveksling og tverrfaglege studentprosjekt
- vidareutvikle overgangsordningar saman med høgere utdanningsinstitusjonar
- utvikle fleksible utdanningsløp og kurs i tråd med arbeidslivet sitt kompetansebehov